

## Saksframlegg

Saksbehandlar: Mona Elisabeth Steinsland, Plan- og samfunnsavdelinga  
Sak nr.: 15/8234-2

### Tettstadforming 2015 - tildeling av midlar

**::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓**

#### Fylkesdirektøren for plan og samfunn rår hovudutvalet for plan og næring til å gjere slikt vedtak:

1. Sogndal kommune får 1 700 000 kr til finansiering av Fjordstien i Sogndal.
2. Eid kommune får avslag på søknad om tilskot til å etablere paviljong i Nordøyrane friområde i Nordfjordeid sentrum.
3. Naustdal kommune får avslag på søknad om tilskot til å prosjektere lyspunkt i Naustdal sentrum.
4. Fylkesdirektøren ber om fullmakt til å setje særskilte vilkår for tilskot i eige tilsegnsbrev.

**::: Sett inn innstillingen over denne linja ↑**

**... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓**

#### Vedlegg:

Oversyn tildelingar 1995 – 2014

Tilskot til tettstadforming – retningsliner. I kraft 1.januar 2015.09.05

Innkomne søknader med vedlegg

Andre dokument som ikkje ligg ved:

## SAKSFRAMSTILLING

### **1. Samandrag**

Sak om tildeling av tettstadmidlar 2015 vert lagt fram for HPN til vedtak. Alle midlane vert fordelt gjennom denne saka. Det har kome inn to nye søknadar som er vurdert i tillegg til oppfølging av tidlegare søknad frå Sogndal kommune om delfinansiering av fjordstien.

Tilrådinga er å tildele alle midlane for 2015 som delfinansiering til fjordstien i Sogndal.

### **2. Bakgrunn for saka**

#### **2.1 Tildegare vedtak**

Det vart i budsjettet for 2015 i FT –sak 50/14 sett av 1 713 000 kr til Tenesteområde 7152 – Tettstadforming. I denne saka går vi gjennom innkomne søknader og tildeling av budsjetterte midlar. Søknadsfristen var 1. juni 2015 og det har kome inn berre to nye søknader til ordninga.

Litt av orsaka til få søknader er truleg at utlysninga og frist for å søknad i år var ny og braut med tradisjonen for ordninga dei seinare åra. I tillegg er midlane for i år også redusert slik at det er lite å dele ut.

I samband med tildeling av midlar til tettstadforming i 2014 vart søknad frå Sogndal kommune om støtte til fjordsti i Sogndal sentrum handsama. HPN gjorde slikt vedtak i sak 61/14:

*Hovudutvalet prioriterer disponering av midlar avsett på tenesteområde 7152 tettstadforming for 2015 og 2016, med totalt kr 3,0 mill. kr, for å fullføre delfinansieringa av Fjordstien i Sogndal.*

## **2.2 Orientering om verkemiddelbruken**

Hovudmålet med ordninga er å styrke attraktiviteten til fylket gjennom å styrke sentrum og tettstadar i fylket, bygd på særpreg og eigenkarakteren til tettstadene. Ordninga skal sikre allmenn tilgang til felles verdiar og demokratisk medverknad. Tilskota skal brukast til å utvikle og forme komplementære samfunnsstrukturar som er økologiske og berekraftige.

Ordninga skal skape og stimulere til aktivitet som gjer det interessant å bu og leve i sentrum. Fremje vekst og utvikling i folketal, kultur og næringsliv. Ordninga skal vere fleksibel i høve dei kommunale plan- og utviklingsprosessane, og bidra til ny kompetanse knytt til tettstadforming.

Ordninga har med nye retningslinjer lagt opp til eit skifte der tildeling av midlar i større grad skal stø demokratiske prosessar (allmenn medverknad) og demokratiske uttrykk. Prosessane skal være tufta på staden sitt resursgrunnlag og verdiar, staden sitt særpreg og eigenkarakter – for å utvikle tiltak og prosjekt som er stadspesifikke.

### Regional planstrategi

I *Regional planstrategi 2012-2016* er det peika på viktige strategiar og arbeidsmåtar for å nå folketalsmålet.

Vedtekne strategiar vi bygger tettstadsatsinga på:

- Styrke attraktiviteten til kommune- og regionsentra
- Styrke utviklinga av lokalsamfunn med vekt på kultur, trivsel, tryggleik og god helse
- Styrke grunnlaget for eit innovativt og konkurransedyktig arbeidsliv

Arbeidsmåtar for det strategiske arbeidet:

- Etablere fleire og sterkare bu- og arbeidsmarknadsregionar
- Bygge meir urbanitet og styrke tilboda i tettstadane (regionsentra/kommunesentra)

### Mål i fylkesdelplan for arealbruk

I områderetta kommunedelplanar for tettstad, bygd og grend bør ein utarbeide ein enkel miljøplan (stadanalyse/landskapsanalyse/miljøvurdering) som synleggjer viktige landskapstrekk, kulturmiljø og brukte eller eigna område for ålmenta langs sjø og større vassdrag.

## **2.3 Reduksjon i rammer**

Tettstadforming er finansiert med distrikts- og regionalpolitiske verkemidlar frå statsbudsjettet kap. 551, post 60. Ordninga skal bidra til å nå eit av hovudmåla som er å styrke tettstadane sin attraktivitet.

I tilleggspolisjonen til statsbudsjettet 2014 vart dei regionale utviklingsmidlane reduserte med 430 mill. kr på landsbasis. Som følgje av redusert ramme frå kap. 551, post 60, vart budsjettet for tettstadforming 2014 redusert med 1,357 mill. kr; frå 4,9 mill. kr til 3,543 mill. kr. I år er tilskotsordninga ytterlegare redusert med 1,830 mill. kr til 1,713 mill. kr. Innsparinga set større press på prioriteringar, og ikkje alle søknadane vil nå opp.

## **2.4 Føringer frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet**

Fylkeskommunen er underlagt nasjonale føringer i forvaltninga av midlane, bl.a. gjennom føringer i årlige tilskotsbrev frå departementet, retningslinjer og føresegn. Fylkesdirektøren meiner at dei tilrådde tildelingane er i samsvar med gjeldande retningslinjer og føresegner.


### 3. Oversyn over søknader

#### 3.1 Nye søknadar



Søknad nr. 1  
 Kommune: Eid  
 Tittel: Paviljong – Nordøyrane friområde - Nordfjordeid  
 Søknadssum: 405 220 kr  
 Type tiltak: Etablere paviljong i Nordøyrane friområde

Illustrasjon: Situasjonsplan, Eid kommune.



Søknad nr. 2  
 Kommune: Naustdal  
 Tittel: Lyspunkt i Naustdal sentrum  
 Søknadssum: 300 000 kr  
 Type tiltak: Prosjekttere lyssetjing av utvalde arenaer i sentrum

Illustrasjon: Idèskisse, Lunden barnehage med undergang, Naustdal kommune.

-  **Spillemøner**  
Lunden barnehage m. undergang  
Dr. S  
Naustdal barne- og ungdomsskule  
Teaterstrobek Sanden  
Øvre Løtan karnappstasjon
-  **Bruer**  
Gamle Naustdal bru  
Brevkåper  
Nye Naustdal bru
-  **Andre utviklingsarealer**  
Frisikøner  
Kommunesenter  
Naustdal alders- og spikeshom



### **3.2 Tidlegare søknad**



Tidlegare søknad (søknad nr. 9 i 2014 sak nr.: 14/460 - 10)

Kommune: Sogndal

Tittel: Fjordsti og elvepark i Sogndal sentrum

Søknadssum: 1 400 000 kr

Type tiltak: Opparbeiding

*Illustrasjon: Sogndal, Fylkesatlas.*

## **4. Gjennomgang av dei einskilde søknadane**

### **4.1 Søknad om tilskot til å etablere paviljong i Nordøyrane friområde**

(Søknad nr. 1)

#### Bakgrunn og nærare om søknaden

Eid kommune søkjer om 405 200 kr til å etablere ein overbygd paviljong med grillplass i Nordøyrane friområde i Nordfjardeid sentrum. Paviljongen skal gje moglegheit for samankomst og rekreasjon året gjennom.

#### *Prosjekt mål*

Å opparbeide området i samsvar med reguleringsplanen.

#### *Resultat*

Resultatet av prosjektet er nådd når friområdet er opparbeidd og teke i bruk.

#### *Effekt*

Auka trivsel til innbyggjarane

#### *Forankring*

Nordøyrane friområde inngår i reguleringsplan for Nordøyrane sør for Fargarelva. Eid kommunestyret vedtok i 2014 å innarbeide utbyggingsprosjektet i budsjettet for 2015 og vidare i økonomiplanen.

#### Vurdering

I tildeling av midlar til tettstadforming i 2014 sak nr.: 14/460 – 10 vart det gjort vedtak om å ikkje støtte søknad om opparbeiding av Nordøyrane friområde.

Utdrag frå vurderinga til søknad om tilskot i 2014:

*«Prosjektet er i hovudsak i samsvar med kriteriet for tilskotsordninga. Fylkesdirektøren meiner prosjektet er viktig for Nordfjardeid sentrum, men er tvilande til at så store kostnader går til utfylling og omforming i sjø, samt konsekvensen av utfylling og omforming for stadens særpreg og eigenkarakter og det økologiske mangfaldet i strandsona.*

*Fylkesdirektøren vurderer det slik at kostnaden er for høg i høve til ramma til tilskotsordninga, og rår frå støtte til søknad om opparbeiding av friområde.»*

For meir informasjon sjå søknad frå Eid kommune og vurderingane gitt i HPN -sak nr. 14/460. Viser og til tiltak i retningsliner for tilskotsordninga som kan få støtte (kapittel 3 på side 2). Etablering av paviljong og grillplass isolert sett kan ikkje få støtte. Paviljongen har ei kostnadsramme på om lag halvparten av søkt beløp.

Det er og tvil om tilskotet har utløysande effekt. Tilskotet skal vere nødvendig for at tiltaket vert gjennomført i same tid og omfang. Det kan sjå ut som om friområdet og dei einskilde elementa som er prosjektert i området vert opparbeid med og/eller utan tilskot frå fylkeskommunen.

Fylkesdirektøren vurderer det slik at søknaden fell utanfor ordninga og rår frå støtte til søknad om å etablering av overbygd paviljong med grillplass i Nordøyrane friområde i Nordfjordeid sentrum.

## **4.2 Søknad om tilskot til lyspunkt i Naustdal sentrum**

(Søknad nr. 2)

### Bakgrunn og nærare om søknad

Naustdal kommune søkjer om 300 000 kr til å prosjektere lyssetjing av utvalde arenaer i sentrum. Tiltaket er relatert til kommunen sitt målretta arbeid med fysisk og kulturell planlegging.

### *Resultat*

Ønskjer å markere kva dei har, kva Naustdal sentrum har vore og skape refleksjon kring kva stad det kan bli gjennom å lys-setje utvalde arenaer i sentrum.

### *Prosjekt mål og effekt*

- gjere innbyggjarane medviten om kommunen sine kvalitetar, og slik skape framtidstru opne for positiv utvikling
- skape samanhengar mellom uterom
- gje oppleving
- bidra til tryggleik

### *Forankring*

Lyspunkta vert sett i samanheng med arbeidet med Ambassade for KjARTanistan, lokal kulturminneplan og utvikling av kulturløype rundt Naustdal sentrum, samt oppfølging av kartlegginga av sentrumsnære turveggar (2013). I søknaden vert det vist til forankring i mulighetsstudiet og metoden «Urbane rykte» som innspel til kommunedelplan for Naustdal sentrum, i kommunedelplanen for sentrum, stadanalyse Sanden, kommunedelplan for kultur, i rapport om sentrumsnære turveggar, og at tiltaket vert sett i relasjon til handlingsprogram for folkehelse.

### Vurdering

Det er tvil om mildar til tettstadforming skal støtte søknaden då tiltaket gjerne har primær forankring i kultur- og kunstarbeidet til kommunen. Tilskotsordninga støtter ikkje reine kunst prosjekt eller tiltak som andre offentlege sektorar har etablerte ordningar for. Tiltaket og gjennomføring vil vere nært knytt til andre prosjekt som er delfinansiert av andre tilskotsmidlar.

Frå søknad:

*«Staden skal definere kva som skal settast lys på og korleis det skal gjennomførast, det er difor behov for å prosjektere tiltaka».*

Det kjem ikkje klårt nok fram i søknaden korleis medverknad kjem inn i prosjektet. Medverknad set gjerne vilkår for lokalisering, kvalitetar og handlingane (prosjektering). Fylkesdirektøren meiner det vert galt å fyrst prosjektere lyspunkta, og så sikre medverknaden.

Naturleg lys er ein naturgitt verdi, kvalitet og stadspesifikk resurs. Bruk og tankar om naturleg lys er ikkje teke inn i arbeidet. Fylkesdirektøren rår til at tiltaket/prosjektet vert utvikla og klårgjort med omsyn til –og bruk av naturleg lys (dagslys), også i relasjon til eit bærekraftperspektiv. Det skal sjølvstøtt vere kunstig lys der det er absolutt trong for det i høve sikkerheit og tryggleik, og det kan vere med på å skape effektar som gir gode opplevingar og forsterkar viktige sentrums kvalitetar. Det er ulike tiltak med lyssetjing i regionen vår, men dette kan og sette «likt/liknande» preg på ulike stader. Dette vil i så fall svekke staden sitt særpreg og eigenkarakter.

Forureinande lys er eit særskilt viktig element i høve til bruk av kunstig lys. Vi kan ikkje sjå at kommunen ser på dette i vurdering av tiltaka. Fylkesdirektøren rår kommunen til å sjå og inkludere problemstillinga med forureining ved bruk av kunstig lys i sitt arbeid i Naustdal sentrum, og at det vert presentert ei meir samla vurdering av lysbruken, ut over opplysing av einskildobjekt.

Søkjær skriv at støtte frå fylkeskommunen er avgjerande for å gjennomføre prosjektet.

Kommunen søker om støtte på 300 000 kr av ein totalkostnad på 400 000 kr. Fylkesdirektøren gjer merksam på at vi etter retningslinene for tettstadmidlar berre støttar inntil 40 % av totalkostnaden. Det er også krav i retningslinene om at prosjekta skal vere fullfinansiert.

Fylkesdirektøren vurderer det slik at søknaden ikkje er klår nok, og at den bør utviklast på fleire punkt, og rår frå støtte til søknad om prosjektering av lyspunkt i Naustdal sentrum.

#### **4.3 Tidlegare søknad om tilskot til fjordsti i Sogndal sentrum**

Viser til gjennomgang og vurdering av søknad om støtte til elvepark og fjordsti i Sogndal sentrum frå 2014.

HPN har i sak 61/14 vedteke:

*«Hovudutvalet prioriterer disponering av midlar avsett på tenesteområde 7152 tettstadforming for 2015 og 2016, med totalt kr 3,0 mill. kr, for å fullføre delfinansieringa av Fjordstien i Sogndal.»*

I oppfølging av søknaden frå Sogndal kommune, har kommunen lagt fram ei nærare presisering av prosjektet med tilhøyrande finansieringsplan.

Samla kostnader for prosjektering, Badelaguna, Parsell Saften og Del I (frå Lerum til Hofslund fjordhotell), samt grunnverv stipulert til kr 6 mill. kr utgjer 33,5 mill. kr. (Arbeidet med del II frå Hofslund fjordhotell til Brua er ikkje med).

Fylkeskommunen har hittil løyvd 6 mill. kr i INU-midlar og 3,2 mill. kr i tettstadmidlar. Det ligg no inne ein søknad om 1,5 mill. kr i nye INU-midlar. Vi har til disposisjon 1,7 mill. kr i tettstadmidlar i 2015. Dersom begge desse søknadane får tilslutning, vil samla finansiering utgjere 12,4 mill. kr (37 % av budsjettert totalkostnad på 33,5 mill. kr).

I oppfølging av HPN sitt vedtak i sak 61/14, vil vi i 2016 kunne gje ytterlegare støtte på 1,3 mill. kr. Dette må vurderast i lys av faktiske kostnader i Del I av prosjektet, samt om det blir start på siste parsell; Del II.

#### **4. Tilrådingar frå fylkesdirektøren for plan og samfunn**

Fylkesdirektøren viser til vurderingane av dei innkomne søknadane og rår til at Sogndal blir prioritert i år. For å følgje opp vedtaket gjort i HPN sak 61/14 rår fylkesdirektøren HPN til å tildele 1,700 000 kr til Fjordstien i Sogndal.

Søknader med negativ tilråding er ikkje i prioritert rekkefølge.

Fylkeskommunen kan stø arbeid med tettstadforming i form av fagleg bistand og som diskusjonspartnar. Dette gjeld utforming av anbod, vurdering av fagkompetanse, medverknad, klårgjering, analyser, kartlegging, og konkretisering av tettstadforming.

Fylkesdirektøren ber om fullmakt til å setje særskilte vilkår for tiltak i eige tilsegnsbrev.

[... Sett inn saksutgreiing over denne linja ↑](#)